

Rundskriv

Alle departementa
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2009

Vår ref
09/4417 J/EAa/SBP

Dato
17.09.2009

Statsbudsjettet 2009. Tilleggsøyvingar i haustesjonen - ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2009. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2009 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løvingsreglementet, kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 15. oktober 2009.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2008
- Saldert budsjett 2009 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2009

I Hovudbudsjettsskrivet for 2010 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2009 innan 3. august 2009. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 13. november 2009.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2009 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 27. november 2009.

Med helsing

Espen Aasen
avdelingsdirektør

Stig Ove Gravdal
seniorrådgjevar

Sakshandsamar: Espen Aasen, tlf. 22 24 43 65